



STORD
KOMMUNE



Foto: Naustvågen barnehage

PLAN FOR TILSYN MED BARNEHAGAR I STORD KOMMUNE 2013 – 2016

Innhold

Innleiing:	s. 3
Lovgrunnlag:	s. 4
Ansvar for tilsyn:	s. 4
Melde tilsyn:	s. 4
Umelde tilsyn:	s. 5
Prosedyrar ved systemrevisjon/stadleg tilsyn:	s. 5-6
Oppfølging:	s. 7
Rettleiing:	s. 7
Interkommunalt samarbeid om tilsyn i barnehagr:	s. 7
Gjennomføring av tilsyn:	s. 7
Tilsynsgruppe:	s. 8
Planlagde stadlege tilsyn	s. 8
Plan for tilsyn:	s. 9

Innleiing

Stord kommune som tilsynsmynde fører tilsyn med barnehagane etter Lov om barnehagar og Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Føremålet er å kontrollere at kvalitet og innhald er i tråd med krava som er nedfelt i lov og forskrift og slik innfrir forventingane samfunnet har til barnehagar som pedagogisk verksemd.

Barnehagelova med forskrifter, inkludert rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver, formidlar samfunnet sine krav og forventningar til verdigrunnlag, rammevilkår, arbeidsmåtar og innhald i barnehagane. Dette er difor viktige dokument for kommunen som tilsynsmynde, så vel som for eigarar, tilsette og føresette. Jmfør «*Veileder for Tilsyn med barnehager*».

Stortingsmelding nr. 24 (2012 – 2013) Framtidens barnehage skal bidra til å rusta opp Noreg som kunnskapssamfunn og viser veg for vidare utvikling og styring av barnehagesektoren. Det står mellom anna fylgjande om tilsyn i meldinga: «*Regjeringa vil ta sikte på at ansvaret for å føre tilsyn med enkeltbarnehager etter barnehageloven overføres frå kommunen til Fylkesmannen*». Dette betyr at tilsynsansvaret som i dag er delegert til kommunen på sikt kan vert overført til fylkesmannen.



Lovgrunnlag

Lov om barnehagar:

- § 7 : Barnehageeigar sitt ansvar
- § 8 : Kommunen sitt ansvar
- § 9 : Fylkesmannen sitt ansvar
- §16 : Tilsyn

Kommunen si rolle

- Kommunen er lokal barnehagemynde
- Gje rettleiing til barnehagane jfr. § 8
- Godkjenningssmynde jfr. § 10, §§ 1 og 2
- Tilsyn for å sjå til at tilbodet er forsvarleg og lovleg jfr. § 16

Ansvar for tilsyn

- Kommunen fører det lokale tilsynet med barnehagar etter Lov om barnehagar
- Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører dei oppgåvene som barnehagemynde er pålagt etter lova.

Kvifor tilsyn?

- Sikra at lover og regelverket vert følgd
- Sikra at barnehagetilbodet held ein definert standard
- Ivareta innbyggjarane/brukarane sin rettstryggleik
- Sjå til at offentlege midlar vert nytta i samsvar med føresetnadane
- Leggja til rette for endring (rettleiing)

Utdjuping:

- Tilsynet er ikkje eit kvalitetstilsyn, men lovlegheit-tilsyn.
- Tilsynet skal sjå til at lover og regelverk vert følgd, og at barnehagen vert driven på ein forsvarleg og lovleg måte i tråd med lov om barnehagar med forskrifter.
- Lov og regelverk har definert ein standard for barnehagetilbodet i Noreg. Tilbodet kan vera godt eller dårleg, men ikkje ulovleg.
- Tilsyna kan vera varsla/melde om på førehand eller umelde

Melde tilsyn

Varsla tilsyn i barnehagar i Stord kommune vert gjennomført som systemrevisjon der tema for tilsynet vert fastsett for den einskilde barnehage på førehand.

Systemrevisjon: Systematiske undersøkingar for å fastslå om aktivitetar og tilhøyrande resultat er i samsvar med krav fastsett i, eller i medhald til lov og forskrifter.

Utdjuping

- Systemrevisjon er å fastslå om krav i lov og forskrifter vert følgde.
- Ved systemrevisjon har ein fokus på prosess og handlingar fram mot sluttprodukt/resultat.
- Gjennom systemrevisjon vert det undersøkt kva handlingar/aktivitetar som vert gjort for å overhalda myndigheitskrav i lov og forskrifter.
- Systemrevisjon er kva barnehagen gjer for å ivareta det ansvar og dei plikter som er fastsett i regelverket.
- Systemrevisjon føregår i ansvarslinja. Organisasjonen er ansvarleg, ikkje den einskilde tilsette.
- Systemrevisjon skal medverka til å utvikla system for kvalitetsforbetring.

Stord kommune har fylgjande system for å kontrollera at barnehagane si drift er i tråd med gjeldande lovverk

- Tilsyn i barnehagar etter oppsett plan
- Gjennomgang av barnehagane sin årsplan
- Gjennomgang av barnehagane si årsmelding i BASIL desember kvart år

Umelde tilsyn

Umelde tilsyn kan vera på grunn av bekymringsmeldingar frå føresette eller tilsette, eller på grunn av hendingar som barnehagemynde får kjennskap til, og finn grunn til å undersøkje nærare. Dette kan til dømes gjelda :

- Tal barn i barnehagen
- Areal, inne og ute
- Hygieniske krav
- Mistanke om overgrep
- Manglande vedlikehald – bygg og uteområde
- Tryggleik for barn og tilsette

Prosedurar ved systemrevisjon/stadleg tilsyn

1. Planlegging og prioritering

- Det vert laga plan og tidsplan for barnehagar som skal ha tilsyn
- Melde tilsyn vert gjennomført som systemrevisjon der tema vert fastsett for den einskilde barnehage
- Umelde tilsyn kan gjennomførast på grunnlag av bekymringsmeldingar eller hendingar som barnehagemynde får kjennskap til

2. Varsel om tilsyn

- Barnehagane skal ha varsel om tilsyn minimum tre veker før gjennomføring
- Det skal klarleggjast i varslinga kva det skal førast tilsyn med
- Barnehagen nemner opp kontaktperson for tilsynet

- Barnehagen vert beden om å senda aktuell dokumentasjon til tilsynsgruppa
- Før tilsynet gjennomgår tilsynsgruppa dokumentasjon frå barnehagen

3. Gransking av dokument

Før gjennomføring av tilsyn skal det hentast inn informasjon frå barnehagane om:

- Gjeldande vedtekter
- Oversyn over bemanning, årsverk, kompetanse, med meir
- Oversyn over tal barn, -alder og opphaldstid
- Barnehagen sin årsplan – kompetanseplanar
- Årsrapport/evaluering av verksemda
- System for kvalitetssikring
- Anna informasjon som til dømes brukarundersøking

Tilsendt dokumentasjon vert vurdert opp mot myndigheitene sine krav. Dokumentasjonen dannar grunnlag for sjekklister og spørsmål i intervjuet.

4. Gjennomføring

- Synfaring inne og ute
- For-møte om føremål og opplegg med deltakarane
- Intervju av personar på ulike nivå i organisasjonen
Verifikasjon (stadfesting) om rutinar vert følgde slik det er informert om.
Følgjande personar vert som regel intervjuar:
 - Barnehageeigar
 - Styrar i barnehagen
 - Ein eller fleire pedagogiske leiarar (kjem an på barnehagen sin storleik)
 - Ein eller fleire assistentar/barne- og ungdomsarbeidarar (kjem an på barnehagen sin storleik)
 - Sluttmøte med oppsummering/funn/konklusjon med deltakarane

5. Rapportering

- Tilsynsmynde, eller den tilsynsmynde har delegert det til, skriv rapport på grunnlag av tilsynet. I rapporten vil det koma fram om det er avdekka ulovlege eller uforsvarlege tilhøve som medfører pålegg om retting.
- Dersom tilsynet gjev grunnlag for pålegg, skal den rådmannen har delegert tilsynsmynde (her barnehagekonsulenten) skriva under vedtak om dette med bakgrunn i avvik.
- Frist for å etterkoma pålegg er til vanleg ein månad.
- Dersom fristen ikkje vert halden eller det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta, kan kommunen ved rådmannen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av barnehagen.
- Eventuelt vedtak om stenging skal leggjast fram for Komité for oppvekst og utdanning for avgjerd.
- Pålegg om retting og stenging er einskildvedtak etter forvaltningslova.
- Forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar om førehandsvarsling §16, innsynsrett §§18 og 19, grunngeving §§24 og 25, klage §§28 og 29 med meir gjeld, jamfør Forvaltningslova §§28 og 34.

Oppfølging

- Tilsynsgruppa legg fram rapporten til kommunen som eigar/mynde og til barnehageeigar
- Rådmannen/den rådmannen har delegert tilsynsmynde i den enkelte kommune har ansvar for oppfølging av pålegg.
- Tilsynsrapportane dannar grunnlag for årleg rapport om tilsynsverksemda i barnehagane
- Rapporten skal vera omtalt i kommunen si årsmelding

Rettleiing

- Barnehagelova markerer at tilsyn og rettleiing er ulike oppgåver, jamfør §16 og §8.
- Kommunen sitt ansvar for rettleiing etter §8 første ledd, har til føremål å gje barnehagen oversyn over kva barnehagelova med forskrifter krev. Det vil sei samfunnet sitt krav og forventingar til:
 - Verdigrunnlag
 - Rammevilkår
 - Arbeidsmåtar
 - Innhald
 - Kva som må gjerast for å få drifta i samsvar med dette

Interkommunalt samarbeid om tilsyn i barnehagar

Kommunane i Sunnhordland, i regi av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), har inngått samarbeid om tilsyn i barnehagane. Tilsynsgrupper i FOS-kommunane har årleg tre tilsyn i barnehagar i Stord kommune etter oppsett plan. Tilsynsgruppa i Stord kommune har tilsyn i barnehagar i samarbeidskommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio.

Dette samarbeidet gjev den enkelte kommune auka kompetanse i høve Barnehagelova sine krav om tilsyn med barnehagar mellom anna fordi det vert lagt vekt på utveksling av erfaringar. Den ein skilde kommune har ansvar for tilsynet i sine barnehagar.

FOS – kommunane har utarbeida ei sjekklister som vert nytta ved tilsyn. Ho inneheld spørsmål og indikatorar til dei ulike ledda i lovparagrafane. Dette er til god hjelp når ein skal sjekka ut om barnehagen har lovleg drift.

Gjennomføring av tilsyn

Stord kommune har totalt 21 barnehagar; 5 kommunale og 16 ikkje-kommunale. Lov om barnehagar inneheld ikkje konkrete detaljar om korleis og kor ofte kommunen skal føra tilsyn med barnehagane. Men kommunane sitt ansvar for tilsyn er ei omfattande oppgåve som krev at dei har system som avdekkjer tilhøve som ikkje er i tråd med lova.

Melde og umelde tilsyn skal gjennomførast i tråd med Stord kommune sin «Plan for tilsyn med barnehagar». Tilsynet har fokus på at barnehagen har lovleg drift. Barnehagane i Stord kommune får varsel om tilsyn om lag kvart tredje år. Særlege tilfelle eller oppfølgingssaker kan tilseie at tilsynet vert oftare. Dette medfører ei jamnleg vurdering av kva barnehagar som skal ha tilsyn. Oppsett plan for varsla tilsyn er soleis å rekna som ei rettesnor.

Tilsynsrapportane dannar grunnlag for ein årleg rapport om tilsyn av barnehagane i Stord kommune. Rapporten vert lagt fram saman med kommunen si årsmelding.

Plan for tilsyn med barnehagar skal reviderast årleg.

Tilsynsgruppe

Det er fire personar i tilsynsgruppa til Stord kommune, oppnemnt av rådmannen. Desse personane deltek i det regionale tilsynssamarbeidet i tillegg til det kommunale.

Tilsynsgruppa i Stord kommune per august 2013:

- Hildebjørg Røssberg: styrar i Skogatufto barnehage
- Trine Hellesfjord: styrar i Furuly barnehage
- Inger Vik Framnes: sakshandsamar barnehage
- Ragnhild Storebø: barnehagekonsulent

Gruppa brukar ved behov personar med aktuell fagkompetanse. Døme: jurist, økonom, helse.

Planlagde stadlege tilsyn

Hovudfokus i tilsyna 2013/2014 – 2016/2017

- §1 Føremål
- §3 Barn sin rett til medverknad
- §18 Barnehagens øvrige personale
- §21 Opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta
- §22 Opplysningsplikt til barneverntenesta
- §23 Helsekontroll av barn og personale

I tillegg kan kommunen som tilsynsmynde ha tilsyn på følgjande

- §2 Barnehagen sitt innhald
- §7 Barnehageeigar sitt ansvar
- §11 Familiebarnehager
- §18 Barnehagen sitt øvrige personale
- §19 Politiattest
- §20 Teieplikt
- Nasjonale og eventuelt lokale satsingsområde

PLAN FOR TILSYN med barnehagar i Stord kommune

Nr	Barnehagar	2013/2014		2014/2015		2015/2016		2016/2017	
		Kom.	FOS	Kom.	FOS	Kom.	FOS	Kom.	FOS
KOMMUNALE BARNEHAGAR									
1	Furuly barnehage				X(v)				
2	Sagvåg og Litlabø barnehage						X(h)		
3	Skogatufto barnehage		X(v)						X(v)
4	Tjødnalio barnehage						X(v)		
5	Trodlahaugen barnehage		X(h)						X(h)
IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR									
6	Dalen FUS barnehage						X(v)		
7	Frien private familiebarnehage as	X(h)						X(h)	
8	Heiane barnehage					X(v)			
9	Kristne barnehagar as <ul style="list-style-type: none"> • avd. Stuastølen gardsbarnehage • avd Bergly fam.barnehage 			X(h)					
10	Kåreviksmarka FUS barnehage			X(v)					
11	Monica og Maritas fam.barnehage					X(h)			
12	Naustvågen barnehage	X (v)						X(v)	
13	Olderdalen FUS kulturbarnehage	X(h)						X(h)	
14	Nordbygdo FUS barnehage					X(v)			
15	Sagvåg Maritime FUS barnehage	X(v)						X(v)	
16	Sæ barnehage				X(h)				
17	Sævarhagen FUS barnehage				X(v)				
18	Valvatna FUS barnehage as		X(v)						X(v)
19	Vikahaugen barnehage					X(v)			
20	Villvettene friluftsbarnhage <ul style="list-style-type: none"> • avd. Hystad • avd. Rommetveit 			X(h)					
21	Ås barnehage			X(h)					
Tal tilsyn per barnehageår		7 stk.		7 stk.		7 stk.		7 stk.	

(h) = haust (v) = vår

